

Krossveg for norsk økonomi

Det har ikkje mangla på utfordringar for norsk økonomi dei siste åra. Den langvarige boomen frå årtusenskiftet fekk næring frå oppgangen i oljeprisen, høg vekst i inntekter og forbruk i hushalda, samt auka offentlege utgifter. Resultatet blei sterkare kronekurs og høgare løner og kostnader, heilt i tråd med læreboka om ressursrikdom.

Svekkinga av konkurransevna var lenge til å leve med, fordi industrien kunne rette aktivitet og leveransar mot ei superlønnsam olje- og gassnæring med høg betalingsevne. Men stadig høgare eksponering mot olje- og gassverksemd heime og ute gjorde likevel at delar av norsk industri blei meir sårbar for oljerelaterte sjokk. Det store fallet i oljeprisen har satt norsk økonomi på prøve, men så langt let det til at fleksibiliteten i økonomi og politikk har dempa skadeverknadane av tilbakeslaget. Likevel er det urovekkande om sjølvde adelsmerket for norsk økonomi, den høge sysselsettingsraten, skulle ta varig skade av det siste tilbakeslaget i arbeidsmarknaden.

Det oljerelaterte sjokket blir forsterka av eit anna urovekkande utviklingstrekk. Veksten i produktiviteten har nemleg stagnert, og utsiktene for den langsiktige trendveksten i norsk økonomi er redusert med nærmare eitt prosentpoeng gjennom dei siste ti åra. Lågare økonomisk vekst legg stein til bora for den langsiktige finansieringa av offentleg sektor.

I tillegg kjem at klimapolitiske utviklingstrekk har gjort utsiktene for olje- og gassmarknaden mindre pålitelege. Suksess i tråd med Paris-avtalen vil med naudsyn måtte medføre vesentleg lågare etterspurnad og prisnivå for produsentar av fossile brensel. For veksten i norsk økonomi vil olje- og gassverksemda difor bli vesentleg mindre viktig enn før.

Blant andre uromoment finn me geopolitisk risiko og migrasjon, globalisering og handel, teknologi og digitalisering, delingsøkonomi og kommunikasjon,

inntektsfordeling og sosial uro. Utviklinga på alle desse områda reiser nye utfordringar for den norske modellen for verdiskaping og velferd.

Den langvarige medvinden let dermed til å legge seg, og mykje tyder på at norsk økonomi no har kurs mot trongare og meir ukjente farvatn. Situasjonen fører med seg nye krav til omstilling, nytenking og ikkje minst til utforminga av den økonomiske politikken. Ei tilpassing av næringsstruktur, sysselsetting og busetnad for å møte dei nye tidene er dermed noko av det beste som kan skje, og utviklingstrekk som peikar i denne retninga fortener difor oppbakking.

Mot uvisse er fleksibilitet det beste forsvar. I omskiftelige tider vil arbeidstakarar være tent med å halde auga opne for korleis kompetansen deira kan brukast i andre arbeidsoppgåver, i andre næringar eller på andre kantar av landet. Samstundes må næringsliv og arbeidsmarknad femne ei utvikling prega av innovasjon, nytenking og nye former for arbeidsdeling.

Tida som kjem sett nye krav til utforminga av økonomisk politikk. Fallet i oljeinntektene gir trongare handlingsrom for finanspolitikken, og stabiliseringspolitikken vil møte nye mønster i konjunkturutviklinga. På same vis bør strukturpolitikken samlast om tiltak for effektiv ressursutnytting og vekst i produktiviteten i lys av utfordringar framom morgondagen.

Med dette som bakgrunn er me glade for at denne utgåva av *Samfunnsøkonomen* er vigd til utfordringar knytt til omstilling. Ei rekke forfattarar tek for seg ulike sider ved dagens utfordringar i norsk økonomi, og vil vonleg gi næring til fagleg debatt og utforming av økonomisk politikk for nye tider.

Klaus Mohn